

Kvinnherad kommune

Detaljregulering for Ølve industribase – 12/167 med fleire

Plan-ID: 20240004

Planprogram



Datering: 03.04.2025

Revidert etter høyring: 26.03.2026

Vedtak i Kvinnherad kommunestyre:

INNHALD


1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN OG FØREMÅL.....	3
2	PLANLAGT SITUASJON	4
3	GJELDANDE PLANSTATUS	7
4	LOKALISERING OG PLANAVGRENSING	8
5	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	9
5.1	PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING	9
5.2	OPPSTARTSMØTE	11
5.3	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	11
6	FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET	12
6.1.1	<i>Nasjonale og regionale føringar og rammer</i>	12
6.1.2	<i>Lokale føringar og rammer</i>	12
6.1.3	<i>Grensesnitt mellom arealplan og løyve til akvakulturproduksjon, samt vassdragsløyve</i>	13
7	SENTRALE FAGTEMA I PLANARBEIDET	14
7.1	NATURMANGFALD OG VASSMILJØ	14
7.2	LANDSKAP.....	15
7.3	FRILUFTSLIV INKL. STRANDSONE.....	17
7.4	NÆRMILJØ: LYD, LYS OG LUKT	18
7.5	TRANSPORT PÅ VEG	19
7.6	FERDSEL PÅ SJØ	20
7.7	NATURRESSURSAR	21
7.8	ANDRE FAGTEMA	22
7.8.1	<i>Fiskeriinteressar</i>	22
7.8.2	<i>Kulturmiljø</i>	22
7.8.3	<i>Grunnforhold og masseberekning</i>	23
7.8.4	<i>Teknisk infrastruktur: Vatn, avløp, sløkkevatn og overvatn</i>	24
7.8.5	<i>Klimagassutslepp</i>	24
7.8.6	<i>Universell utforming</i>	24
7.9	RISIKO OG SÅRBARHEIT	24
8	UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING	26
8.1	VURDERING AV ALTERNATIV LOKALISERING	26
8.2	ALTERNATIV I PLANFRAMLEGGET	28
8.3	METODE KONSEKVENSGREIING.....	29
8.4	UTGREIINGSTEMA OG KUNNSKAPSGRUNNLAG	30

1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Planarbeidet vert utført av Nordplan Stord AS (tidlegare ABO Plan & Arkitektur Stord AS) på vegne av tiltakshavar Ølve Bruk AS.

1.1 Bakgrunn og føremål


Hovudføremålet med reguleringsplanen er å detaljregulere areal avsett i kommuneplanen sin arealdel til næringsføremål i Ølve. Areala er knytt til eksisterande verksemder, samt ønske om å regulere for sjøtilknytt næring, ein kombinasjon av landbasert oppdrett og anna maritim næring, samt tilhøyrande infrastruktur for vegtilkomst. I tillegg er sjøareal del av planområdet for å kunne regulere kai og hamneområde, samt plassering av inntaksleidning for sjø- og ev. ferskvassleidning. Planen er knytt til etablert industriområde som er ønskjeleg å ekspandere og utvikle.



Figur 1. Planområdet synt med flyfoto som bakgrunn.

Ølve Bruk AS er ein del av Meidell-/Alsaker Fjordbruk-konsernet. Sommaren 2023 kjøpte konsernet gnr. 12/62, der det har vore drive båtproduksjon i 50 år, og hausten 2023 avtalte dei kjøp av deler av gnr. 12/5 (no 12/167) som i dag er ubyggd næringsføremål i kommuneplanen. Desse tre eigedomane er planlagt å vera hovudbruka i omtala Ølve industribase. I tillegg inngår areal som Ølve Industrier disponerer i planområdet, som har drive verksemd på staden sidan 1980. Frå før eig Ølve Bruk AS areal inst i Hyttevågen, gnr. 16/14, 21.

Utgangspunktet for reguleringsplanen er ønske om å *relokalisere* tidlegare akvakulturproduksjon frå inst i vågen til deler av området omtala som Ølve industribase, samstundes som planen også tek høgde for andre maritime og sjøretta føremål. Ønskje om å reetablere produksjon i Ølve er grunna i at Meidell konsernet/Alsaker Fjordbruk AS ønskjer å sikre kapasitet for å forsyne sine matfiskanlegg i sjø med smolt frå eigne anlegg. Yngel- og smoltproduksjon er også eit vesentleg forretningsområde for konsernet, då dei i tillegg har langtidskontraktar for levering til eksterne kundar. Ølve Bruk sitt ønskje for området er å utvikle areala i industribasen til smoltproduksjon og annan maritim verksemd. Realisering av landbasert oppdrett er avhengig av løyve frå andre mynde i tillegg til plan- og bygningslova.



Figur 2. Oversiktskart av nærområdet til planområdet.

2 Planlagt situasjon

Planområdet er om lag 174 daa stort. Planområdet omfattar eksisterande utbygd næringsareal, samt urørt næringsareal. Ein ønskjer å regulere store deler av planområdet til sjøretta næringsføremål. Dagens næringsaktivitet er planlagt vidareført slik som areala er brukt/opparbeidd i dag. Planar om landbasert oppdrett er ønskeleg på eigedom gnr. 12/167, der realiseringa av dette avheng av om det vert gitt akvakulturløyve til produksjon. Ein ønskjer difor ein fleksibel plan der smoltproduksjon kan vera ei mogleg utnytting av arealet.

Areal som i dag vert nytta til næringsføremål på gnr. 12/62 er opparbeidd med bygg og kailinje mot sjø. Områda er regulert i reguleringsplan Ølve, del av Ølve gnr. 12 (ME), frå 1978 og sist endra i 2022. Dagens kryssløysing til fylkesveg fv.575 er regulert i denne reguleringsplanen. Kryssløysinga og fylkesvegen er ikkje opparbeidd i tråd med reguleringsplanen. Areal ved kryssløysinga er teke med i plan-området for å vurdere behov for oppdatering av planløysinga.

Areal som i kommuneplanen 2018 er regulert til næring, men ikkje er utbygd er lokalisert på eigedom gnr. 12/167. Kommuneplanen regulerer ei gjennomføringssone på arealet, noko som inneber krav om reguleringsplan. Tiltakshavar søkte og fekk godkjent i 2023 frådelling av dette arealet.

Planområdet omfattar også gnr. 12/ 39, 45, og 141 som er eigedomar der det er etablert/eigd av næringsverksemd (Kronviken A/S eig grunn og bygningar der Ølve Industrier er leigetakar). Det har vore aktiv drift på eksisterande område i sørvest sidan 1970-talet (ei historie med sjøretta næringsaktivitet til m.a. båtbyggeri etc.). Fram til februar 2025 var det om lag 60 tilsette på området i sørvest (Herde Kompositt). Herde Kompositt melde da oppbod av selskapet grunna sviktande resultat og ein krevjande finansiell situasjon. Ølve Industrier som er etablert nordaust i planområdet har om lag 20 tilsette. Den nye utviklinga som reguleringsplanen vil legge til rette for, vil gi grunnlag for fleire arbeids-plassar enn i dag. Bakgrunnen for å inkludere eksisterande

næringsareal er for å regulere områda i heilskap. I tillegg er gnr. 12/57-28 og 83 inkludert i planområdet då desse naturleg høyrer til planområdet. Det er planlagt å vidareføre dagens aktivitet og bruk på desse eigedomane.

Eigedom gnr. 12/10 er i kommuneplan 2018 avsett til LNF, medan eigedomen i forslag til ny kommuneplan er foreslått som næringsføremål. Bygning på eigedomen er eit eldre våningshus, som i dag vert nytta som bustadhus (matrikkelføringa at våningshuset er nytta som fritidsbustad er feil). På bakgrunn av innspel frå kommunen i oppstartsmøtet er denne eigedomen teke med i planområdet. Type næring på eigedomen er pt. ikkje definert, men sidan eigedomen grenser til sjø bør areala nyttast til sjøtilknytt næring.

Det er ein einebustad på gnr. 12/57-58 som ligg innanfor plangrensa. Denne ligg tett opp til fylkesvegen med eiga avkøyring direkte frå fylkesvegen. Det er planlagt å vidareføre eigedomen som bustadføremål i reguleringsplanen. For å skjerme den frå ny næringsverksemd er nærmaste areal planlagt regulert som vegetasjonsskjerm. Reguleringsplanen skal sikre vegtilkomst til eigedomen, enten dagens situasjon eller ny løysing.



Figur 3 Bilde frå dagens avkøyring til næringsområdet i sør, samt eksisterande einebustad gnr. 12/57-58.

Mogleg utforming av næringsområda

Det er pt. ikkje gjennomført studie av areala som i dag er ubygde. Tiltaka planen vil legge til rette for er eksisterande og nye næringsareal, samt opprusting av eksisterande kaiar. Dagens aktivitet på området er planlagt vidareført og vil verta regulert til næringsføremål og kai/hamn. Ein ser for seg at areala vert regulert til følgjande arealføremål:

- Sjøtilknytt næring, m.a. maritim næring, landbasert oppdrett
- Kombinert føremål ferdsel/hamn/kai der det er etablerte tiltak i dag. Resterande sjøområde til bruk- og vern av sjø og vassdrag der det kan etablerast sjøleidningar
- Samferdselsføremål inkl. parkering, siktsonar, snuplass og anna veggrunn. Vurdere eksisterande reguleringsplan for fylkesvegen med avkøyring, fortau og busstopp
- Grøntføremål, t.d. vegetasjonsskjerm

Dagens reguleringsplan godkjent i 1978 opnar for 50 % utnytting, bygg inn til tre høgder eller gjennomsnittleg gesimshøgde på 10 meter for næringsområda. Vidare skal minst 1/5 av arealet ha parkmessig utforming, vera fri for bygg, trafikk og lager. Følgjande endringar vert foreslått i planforslaget:

- Nytt næringsareal på om lag 30-35 daa gnr. 12/167. I tillegg til eigedom gnr. 12/10 som i dag er ca. 22 daa. Omfang av nytt næringsareal på denne eigedomen er ikkje vurdert enda.
- Planeringsnivå for nytt næringsareal på om lag kote +4-5
- Estimert BYA 60-80% for nytt næringsareal
- Næringsbygg/produksjonshallar opptil 20 meter høgde
- Eksisterande bygningar skal vidareførast og gis rom for vidareutvikling

Planen skal regulere byggegrense for bygningstiltak mot sjø og fylkesveg. Ein vil også regulere type næringsaktivitet som er tillaten i området. Planen vil vidareføre eksisterande tilkomstveg og vurdere om dagens løysing treng oppgradering/utbetring. Parkering vil verta løyst innanfor næringsføremåla.

Den delen av Ølve Industribase som i dag er opparbeidd er planert på kainivå. Næringsområda som er på kainivå ligg i dag på ca. kote +2-3. Desse områda vil ein vidareføre i planen. I følgje sehavnivå.no vil sikkerheitsklasse 3 med klimapåslag vera 196 cm over NN2000. Nytt ubygd næringsareal strekk seg frå eksisterande næringsareal og opp til fylkesvegen som ligg på ca. kote +14. Planframlegget vil legge til rette for å kunne sprengje seg ned til kote +4-5 på store deler av det nye næringsarealet på gnr. 12/167, og truleg gnr. 12/10. Bakgrunnen for dette er at ein vil regulere for sjøtilknytt næringsføremål, og dersom areala skal nyttast til landbasert oppdrett bør areala liggje kring kote +4-5. Dette er eit planeringsnivå som vil gi optimalt vasstrykk, kort leveranseveg, låge driftskostnadar og energiforbruk. Ein vil i planprosessen vurdere om det er naturleg å differensiere på byggehøgden internt på næringsområda.

Det er ikkje gjennomført masseberekning, men planen vil medføre eit masseoverskot. Uttaket vil vera for å klargjere areala for næringsverksemd, og har ikkje eit kommersielt formål. Ein vil i størst mogleg grad søke å nytte massane internt på næringsområda for planering, opprusting og mindre utfyllingar i sjø. Utover det vil masseoverskot verta frakta ut av området og nyttast til samfunnsnyttige tiltak. Forholda til massehandtering vil verta utgreidd som del av planarbeidet.

Landbasert oppdrett har spesifikke behov for høgder og volum ut frå produksjonsmengd og -metode. Produksjonen skjer i fiskekar inne i hallar. Fiskekara vil vera relativt store og det er behov for å kunne gå over kara for å drifte anlegget. Det er planlagt å resirkulere vatn i anlegget, og denne teknologien har også behov for byggehøgd. Ein del av bygningane vil ha behov for om lag 20 meter byggehøgd. I tillegg til produksjonshallar vil det vera behov for oksygentankar med ei forventta høgde 10-12 meter. Ein vil legge opp til ein høg utnyttingsgrad, med utgangspunkt i at ein vil sikre tilstrekkeleg rom for framtidig utvikling på området.


Hovudtilkomst til planområdet er via fv. 575, Ølvesvegen. Ny løysing for avkøyring til fylkesvegen nærmast Ølve er detaljregulert, men ikkje opparbeidd i tråd med reguleringsplanen. Ølve brannstasjon ligg innanfor planområdet, og nyttar i dag same avkøyring til fylkesvegen som dagens næringsområde gjer. I gjeldande reguleringsplan er det regulert busslomme for nordgåande buss. Avstand til eksisterande busstopp sør for planområdet er like i overkant av 200 meter frå avkøyringa til planområdet i sør. Ein ønskjer i prosessen dialog kring behov for å regulere for busstopp langs fylkesvegen. I tilfellet det skal regulerast for kollektivtransport er det ønskjeleg å endre frå regulert busslomme til regulert kantstopp, då dette er mindre arealkrevjande langs ein veg med låg ÅDT og fart. Vidare planarbeid vil sjå på utvikling av områda, kryssløysingar til fylkesvegen, samt tiltak langs fylkesvegen som kantstopp for buss og fortau.

3 Gjeldande planstatus

Planområdet er regulert til næringsfremål (BN74), offentlig/privat tenesteyting, bustad (BOP), bustadfremål (B9) og LNF i gjeldande kommuneplan (2018). Deler av areala i sør og vest er synt med bestemmelsesområde #A. Område med #A gir at reguleringsplanar skal gjelda saman med kommuneplanen, og dersom det er motstrid mellom KPA og reguleringsplan, gjeld kommuneplanen sine føringar som t.d. med byggegrense mot sjø. Det er sett byggegrense mot sjø i kommuneplanen. Næringsfremål (BN74) som ikkje er omfatta av gjeldande reguleringsplan (#A) er omfatta av gjennomføringszone H810_6 med krav om felles planlegging.

Sjøområda er regulert til bruk og vern av sjø og vassdrag (V54). Føresegnene gir at det er tillate med nødvendig fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett, og at nye tiltak skal vurderast opp mot andre interesser i området.

I forslag til ny kommuneplan på høyring hausten 2023 er areala i gjeldande kommuneplan vidareført. I tillegg er areal avsett til næring utvida mot aust (gnr. 12/10), slik at nye næringsareal inkluderer eksisterande LNF-fremål og areal i sjø utanfor næringsområda. Det er også avsett hamneområde i sjø utanfor næringsfremåla. Landareala er del av faresone H390 (fare for skred, kvikkleire).




Figur 4 Gjeldande kommuneplan (til venstre) og forslag til ny (til høgre) kommuneplan. Plangrensa er synt med svart stipla linje.

Sørvestre del av planområdet er omfatta av reguleringsplanen Ølve, del av Ølve gnr. 12 (ME), vedteken 22.05.1978. Landområdet er regulert til industri, offentlig/privat tenesteyting, park og bustad, samt samferdselsfremål. Sjøområdet er regulert til friluftsområde i sjø og vassdrag. Reguleringsplanen har hatt to endringar, i 2017 og 2022, men ingen av desse er innanfor planområde for Ølve industribase sine grenser. Den delen av planen frå 1978 som overlappar med Ølve industribase si plangrense vert erstatta av ny reguleringsplan.

Ein kjenner ikkje til at det er pågåande planarbeid i nærområdet, utover revisjon av dagens kommuneplan.

Figur 5 Utsnitt av eksisterande reguleringsplan Ølve, del av Ølve gnr. 12 (ME).



4 Lokalisering og planavgrensning

Planområdet ligg like nord for Ølve sentrum. Ølve er lokalisert på vestre fastlandsdel i Kvinnherad kommune med fylkesvegnett nord mot Kvam herad og sør til Tysnes kommune. Det er ferje over til Årsnes frå Gjermundshamn mot aust.

I og i etterkant av oppstartsmøtet med kommunen er plangrensa utvida til å inkludere gnr. 12/10, etter innspel frå Kvinnherad kommune. I tillegg er plangrensa endra slik at ein større del av areala kring kryss og avkøyring til næringsområda er del av planområdet.

Planområdet er ca. 174 daa, og omfattar heile eller deler av eigedomane: Gnr. 12/1, 3, 5, 10, 29, 39, 45, 54, 57-58, 62, 74, 83, 138, 141 og 167.

Plangrensa vil kunne verta redusert til å berre omfatte areal som det er trong for å regulere som del av planarbeidet.



Figur 6 Planavgrensning. Sjå vedlagt plangrense for detaljar.

5 Planprosess og medverknad

5.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og konsekvensutgreiinga (KU). Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planarbeidet er vurdert etter konsekvensforskrifta (2017). Reguleringsplanen er vurdert til å vera omfatta av § 6b). Dette med bakgrunn i:

Reguleringsplanen vert omfatta av § 6 b), då det samla vil verta regulert for næringsbygg med over 15.000 m² bruksareal, BRA (vedlegg I pkt. 24). Dagens bygningsmasse innanfor planområdet utgjer om lag 10.500 m². KU-rettleiar viser til at utgreiingsplikta vert utløyyst dersom ein plan opnar for 15.000 m² meir enn det som gjeldande reguleringsplan opnar for, uavhengig av om utbygging er realisert eller ikkje. Den viser også til at ikkje tenkte plan inngår ikkje i brekning av BRA. Det er grunn til å forvente at planframlegget vil legge til rette for nye tiltak som samla vil vera over 15.000 m² bruksareal.

Næringsføremålet BN74 er konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanen sin arealdel frå 2018. Konsekvensutgreiingane er ikkje detaljert og konkret på type tiltak/næringsverksemd.

I hovudsak vil planforslaget vera i tråd med gjeldande reguleringsplan og overordna gjeldande kommuneplan frå 2018. I tillegg ønskjer ein å regulere deler av areala i sjø og gnr. 12/10 i tråd med forslag til ny kommuneplan som ikkje er vedteken enda. Det er vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing på grunn av at dei konkrete planane for området ikkje er utgreidd tidlegare., samt at planen potensielt kan ha vesentlege verknadar for ferdsel på sjø, naturmangfald på land og i sjø, friluftsliv, strandsone og potensiell forureining, jf. §10.

I etterkant av oppstartsmøtet er forholdet til KU-forskrifta § 7 vurdert på nytt. §7 omfattar ei vurdering av planar og tiltak etter andre lovar som alltid skal konsekvensutgreiast. Hovudføremålet med planen er å regulere næringsareal til m.a. landbasert oppdrett, der bruk av ferskvatn kan vera aktuelt (konsesjonsbelagt). §7a omfattar KU-krav for tiltak i vedlegg I, og §7b omfattar KU-krav for planer for tiltak i vedlegg I og II som vert vedteke av departement. Reguleringsplanen er ei plansak, ikkje søknad om tiltak, og den skal ikkje vedtakast av departement, då det er kommunen som er planmynde. På bakgrunn av desse forholda er ikkje KU-forskrifta §7 aktuell for saka. Sjå kapittel 6 for vurderingar kring grensegang med omsyn til uttak av ferskvatn.

Vurdering av KU tema

KU-tema i rettleiar M-1941	Vurdering	Konklusjon
Naturmangfald	Kartlegging av naturmangfald innanfor planområdet, og utgreiing av arealbeslag som kan ha verknad for naturmangfald på land og si sjø.	Skal utgreiast
Vassmiljø og naturmangfald i vatn	Utgreiing av konsekvensar som fiskeproduksjonen på land vil kunne ha for marint naturmangfald i området, samt konsekvensar av nærings saltutslipp og påverknad på vassførekomsten, fare for spreiding av sjukdomar og fare for rømming.	Skal utgreiast
Friluftsliv	Planområdet vert i liten grad nytta til friluftaktivitetar, men det er del av eit sjøområde nytta til båtutfart og er del av strandsona. Det er vurdert at friluftsliv inngår som KU-tema på grunn av at nærområda har verdi for friluftsliv.	Skal utgreiast
Verdensarv	Ikkje aktuelt	Ikkje aktuelt

Landskap	Det er planlagt for ny utbygging og terrenginngrep i område som ikkje er bygd ut i dag. Ei utbygging i tråd med planforslaget og tilhøyrande situasjonsplan vil vise godt igjen i landskapet. På bakgrunn av dette er det vurdert at landskap inngår som KU-tema.	Skal utgreiast
Klimagassutslepp	Det er ikkje vurdert at planframlegget vil føre til ein auke i klimagassutslepp på over 2000 tonn CO ₂ -ekvivalentar, ihht sjekkpunkta som er lista opp i rettleiaren for dette temaet (utbygging på karbonrike areal, utbygging som gir auka transport, som arbeidsplassintensive arbeidsplassar, utslepps-intensiv industri eller store utslepp frå materialbruk og anleggsarbeid).	Ikkje aktuelt
Støy	Det er vurdert at støy er eit aktuelt utgreiingstema, då det er planlagt for støyande anlegg som omtalt i T-1442. Og det er støyfølsom bebyggelse i og nær planområdet.	Aktuelt
Luftforureining	Det er ikkje vurdert at luftforureining er aktuelt utgreiingstema, då det ikkje er planlagt utbygging i område med luftforureining, og det er heller ikkje planlagt utbygging som vil medføre auka luftforureining, jf. rettleiar M-1941.	Ikkje aktuelt
Forureina grunn	Det er ikkje kjent at det er forureina grunn i planområdet. Eventuell opprydding av forureina grunn er som oftast dekkja av forureiningsforskrifta kapittel 2, og vert handtert i samband med byggesaka. Det er sjeldan at forureininga er så krevjande at forureina grunn skal konsekvensutgreiast i planfasen, ihht rettleiar M-1941.	Ikkje aktuelt
Kulturmiljø	Det er ikkje grunn til å tru at planen kan få vesentlege verknadar for kulturminne eller kulturmiljø. På bakgrunn av dette er det vurdert at kulturmiljø ikkje er utgreiingstema.	Ikkje aktuelt

På bakgrunn av vurderingane i tabellen er det vurdert at følgjande tema er relevante å konsekvensutgreie:

- Naturmangfald m.a. ifht. økosystemtenester, miljømål,/forureining, naturmangfaldslova og vassforskrifta. Utgreiing av forhold på land og i sjø.
- Landskap inkl. estetisk utforming, uttrykk og kvalitet (verknadar for busetnad, fjern- og nærverknad)
- Friluftsliv (verknad for bruk av områda, visuelt og opplevingsverdi)

I tillegg til tema definert i M-1941 vurderer ein at desse tema er aktuelle å utgreie:

- Nærmiljø (lyd, lys og lukt) inkl. forureining
- Transport (transportbehov og verknad av auka trafikk)
 - Transport på land m.a. inkl. trafikktryggleik og kapasitet
 - Ferdsel på sjø
- Naturressursar (jordbruksareal gnr. 12/10)

Ein vurderer at fagtema forureining (støy og grunnforhold) vil verta implementert i tema naturmangfald og friluftsliv, samt ROS-analyse. Og at forhold knytt til naturfare og klimaendringar vil vera del av ROS-analysen. Andre aktuelle fagtema som kulturminne og kulturmiljø, folkehelse, barn og unge, energiforbruk/-løysingar, klimagassuttrekingar, ROS-analyse etc. vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Føremålet er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår og/eller med avbøtande tiltak.

5.2 Oppstartsmøte

Det er gjennomført oppstartsmøte for plansaka med administrasjonen i Kvinnherad kommune 19.12.2024. Konklusjonen frå møtet var at administrasjonen kunne tilrå oppstart av planarbeidet og at dette er ei meldingssak til politikarane. I møtet vart følgjande problemstillingar særleg drøfta:

- Teknisk infrastruktur som VA, kapasitet til sløkkevatn og trafikksituasjon inkl. tilkomst frå brannstasjon
- Forholdet til løyver og konsesjonssaker, grensesnitt mellom reguleringsplan og andre løyve
- Forhold til tilgrensande og eksisterande bustadar i planområdet
- Viktig å ha gode utgreiingar og illustrasjonar av planlagde tiltak /rammene som planen gir
- Plan for massehandtering og masseberekning
- Drøfting av revisjon av kommuneplanen og utviding av planområde til å inkl. gnr. 12/10, samt tilstrekkeleg areal langs vegar og avkøyringar til fylkesvegen

I etterkant av møtet har kommunen motteke brev som peiker på faktafeil i referatet og planinitiativet, samt spørsmål til ein del av vurderingane i møtet. Dette er forhold som angår vasskonsesjon for anlegget og vurdering av konsekvensforskrifta §7. Faktafeil i planinitiativet vart poengtert i møtet, men er ikkje teke med i referatet. Desse forholda er no korrigert i dette planprogrammet.

Plan-, teknikk- og miljøutvalet i Kvinnherad kommune hadde saka oppe til orientering i møte 21.01.2025 (saksnr. 2025/1). I møtet vart utvalet orientert om ny plangrense, samt merknad («klage») angående feil i oppstartsreferat i.h.t. krav om KU i samanheng med konsesjonshandsaming.

5.3 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av eller vert påverka av planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspartar og vil få tilsendt varsel direkte etter liste i frå Kvinnherad kommune. Andre vert varsla om planarbeidet via kunngjering i avis. Det er naturleg at politiske råd vert høyra som del av planarbeidet. Dette vil sikre medverknad frå ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetting. Kommunen er ansvarleg for å gjennomføre dette som del av høyringa.

Ein vil ila prosessen invitere til ope folkemøte for å informere om planane for området og få innspel frå frammøtte. I tillegg skal det gjennomførast møte med eigar av gnr. 12/57 og 58, samt Ølve Bygdalag. Det skal haldast møte med Vestland fylkeskommune og Kvinnherad kommune om vatn/avløp, vegtilkomst og trafikktryggleik.

Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram og varsel om oppstart vert lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde og varsla i avisa.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen og deretter lagt ut på offentleg ettersyn. Naboar og offentleg mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.

Førebels tidsplan

Oppstartsmøte	19.12.2024
Politisk orientering om plansaka	21.01.2025
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	Vår 2025
Vedtak planprogram	Vår 2026
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	Sommar/vinter 2026-2027
Høyring planforslag	Vår 2027
Vedtak	2027/2028

6 Føringer og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

6.1.1 Nasjonale og regionale føringer og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet.

- Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2024)
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling (2018)
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442, 2021)
- Utviklingsplan for Vestland 2024-2080
- Regional plan for Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional plan for fornybar energi 2023-2035
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional plan for vassforvaltning 2022-2027
- Plaststrategi - ein plastfri natur og hav i Vestland
- Strategi for mjuke trafikantar
- Strandsonerettleiar for Vestland

6.1.2 Lokale føringer og rammer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022
- Kommuneplanen sin arealdel, 2018
- Kommuneplanen sin arealdel, høyringsforslag
- Trafikktryggingsplan 2021-2028
- Kommunal vegnorm Kvinnherad 2022
- Overordna Risiko og sårbarheitsanalyse, ROS 2014
- Akseptkriterium og metode for ROS 2013
- Overordna beredskapsplan 2020
- Kommunedelplan for landbruk 2020-2025
- Klima og energiplan 2020
- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2014-2022
- Kommunedelplan for kulturmiljø 2021-2032

6.1.3 Grensesnitt mellom arealplan og løyve til akvakulturproduksjon, samt vassdragsløyve

Planprosessar etter plan- og bygningslova (pbl) avklarar arealbehov og arealtilgang. Tilhøve som er avgjerande for lokalisering av tiltak, i dette tilhøve landbasert oppdrett, vil handsamast i samband med reguleringsplanen. Driftsrelaterte tilhøve som ikkje er avgjerande for lokaliseringa, høyrer til prosessar og konsekvensutgreiingar knytt til anna lovverk.

For å realisere landbasert oppdrett er det behov for løyve etter andre lovverk enn pbl, mellom anna tilgang og løyve til uttak av ferskvatn samt løyve etter akvakulturlova inkl. forureiningsløyve.

Alsaker Fjordbruk hadde fram til 2024 vassdragskonsesjon gitt av NVE for uttak av ferskvatn og regulering av Kvitebergsvatnet (sist løyve gitt i 2016). Tidlegare konsesjon var knytt til vassforbruk ved Ølve Bruk, som ein no søkjer reetablert. Det vart sendt søknad til NVE 22.01.2025 om fornya konsesjon etter vassressurslova for uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet. Det var synfaring med NVE hausten 2025, og tiltakshavar har sendt oppdatert NVE-søknad på ny høyring mars 2026. Bakgrunnen for denne søknaden er målsetnad om å etablere landbasert oppdrett innanfor planområdet (Ølve industribase). Søknaden er same regulering av, uttak av vatn og slipp av minstevassføring som det var gitt løyve til i 2016. Søknaden er til handsaming og saksprosessen inneber mellom anna ein høyringsperiode. I denne høyringsperioden vil det vera høve for ålmenta og offentleg mynde til å sende merknadar til søknaden. Søknaden omfattar følgjande:

- Uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet på 16,2 m³/min (0,27 m³/s)
- Regulering av Kvitebergsvatnet mellom HRV 9,5 moh. og LRV 7,9 moh
- Slepp av minstevassføring til utløpselva på 4,2 m³/min (0,07 m³/s)

Ølve Bruk hadde løyve til akvakulturproduksjon i Hyttevågen fram til 2002. Tiltakshavar kjøpte anlegget i 2007 og utgreia da ulike driftsformer, men sette anlegget aldri i drift igjen grunna for lita og inneklemt tomt. Det gamle akvakulturløyyvet er for lite for moderne drift og gått ut. Tiltakshavar må, for å realisere landbasert oppdrettsanlegg på Ølve industribase, søke og få løyve til akvakulturproduksjon på ny lokalitet. Dette er ein omfattande prosess som Vestland fylkeskommune koordinerer. Tiltakshavar ser potensial for å søke om akvakulturløyve for 30.000 tonn settefisk/postsmolt. Vidare at anlegget vil vera delvis basert på sjøvatn og bygge på ein effektiv hybridteknologi.

Avklaringar om vassuttak, produksjonsmengd, utslepp, avstand mellom anlegg og anna som har samanheng med drifta av anlegg, er tilhøve som vert utgreidd og regulert i konsesjon/løyve etter anna lovverk enn pbl. I desse søknadsprosessane er det krav til dokumentasjon, utgreiingar og kartleggingar. Nye kartleggingar og eksisterande dokumentasjon vil verta trekt inn i reguleringsplanen som bakgrunnsmateriale for arbeidet for å belyse problemstillingar, men tilhøve som vert regulert i andre lovverk vert ikkje handsama som del av detaljreguleringa etter pbl.


7 Sentrale fagtema i planarbeidet

Sentrale fagtema i planarbeidet vert gjort greie for her. Kapittel 5.1 definerer kva fagtema som skal konsekvensutgreiast. Andre aktuelle fagtema som naturressursar, ROS-analyse, folkehelse, barn og unge, samfunnsnytte etc. vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Kapittel 8 skildrar alternativ som skal utgreiast, metodikk og kunnskapsgrunnlag.

7.1 Naturmangfald og vassmiljø

Deler av planområdet nærmast sjø er planert og opparbeidd eller del av jordbruksareal (gnr. 12/10). Areala i nordvest mot fylkesvegen er naturområde. Sjøområda er i stor grad prega av næringsaktiviteten i området og nytta til ferdsel og hamn.

I søk i kjente databasar finn ein få kartfesta interesser eller verdiar innanfor planområdet, men det er ein del registreringar i nærområdet. Det er ikkje kartfesta verna naturområde, naturtypar, marine naturtypar eller funksjonsområde for artar innanfor planområdet eller i nærleiken. Det er heller ikkje kartfesta gytefelt eller oppvekstområde for fisk i eller nær planområdet. Det er ikkje kjent at det er gjennomført naturkartleggingar i området frå før, det skal difor gjennomførast feltarbeid av biologar i områda på land og i sjø.



Figur 7 Venstre: plangrense med flyfoto. Høgre: Ar5 kart.

Planområdet er del av kystvassførekomsten Onarheimsfjorden. I følge vann-nett er den økologiske miljøtilstanden klassifisert som god (middels presisjon), og dårleg kjemisk miljøtilstand (middels presisjon). Den kjemiske tilstanden er i hovudsak grunna punktutslipp frå «annan kjelde», samt diffus avrenning og utslipp frå fiskeoppdrett. Forholdet til vassforskipta §§4 og 12 skal vurderast som del av planarbeidet.

Konsekvensutgreiing

Ei utbygging innanfor planområdet vil medføre verknader på naturmangfaldet i området. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø ihht. rettleiar M-1941. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12. Det skal gjennomførast feltarbeid av fagkyndig firma for å dokumentere naturmangfald i sjø og på land.

Det skal for temaet også gjennomførast utgreiing av konsekvensar som landbasert oppdrett vil kunne ha for arts- og bestandsinteressene i området, samt konsekvensar av nærings saltutslipp, fare for spreining av


sjukdomar og fare for rømming. Forhold til vassuttak frå Kvitebergsvatnet vil verta avklart som del av søknad som er sendt til NVE. Planarbeidet sine tiltak er ikkje avhengig av vasskonsesjonen, og ev. vasskonsesjon vil vera direkte knytt opp mot drifta av eit framtidig landbasert anlegg. Difor er tema vassmiljø avgrensa til sjøareala, og verknadar for eventuelt ferskvassuttak frå Kvitebergsvatnet ikkje eit KU-tema.


7.2 Landskap

Planområdet er del av landskapstypen Fjordlandskap, Relativt ope fjordlandskap med busetnad/ infrastruktur, jf. NiN landskap. I følgje rapporten Verdivurdering av landskap (2011) er planområdet del av Husavågen-Ølvesvika med middels verdi. Ein del av planområdet er knytt til etablert industriområde. Planområdet ligg inne i ein våg, Hyttvågen/ Ølvesvågen og skjerma frå sentrumsområdet i Ølve. Området er delvis eit tydeleg element i området med dagens etablerte næringsareal som ligg til sjø. Sørvest for planområdet ligg Ølve sentrum med bustadfelt med meir. Det er noko spreidd jordbruksareal i områda i kring planområdet.

Deler av planområdet er etablert industriområde med hallar og kai. Ein ønskjer å opne for å sprengje ut areal nord/vest for eksisterande område, for her å etablere maritime næringar, t.d. produksjonshallar for landbasert oppdrett. Planarbeidet vil også vurdere å utvide kaiareal. Dette må sjåast i samanheng med djupne i sjø og konsekvensar for eksisterande næringsverksemd og utfart for fritidsbåtar.

Planområdet går frå sjø og opp til fylkesvegen i nordvest. Store deler av fylkesvegen ved planområdet ligg ikkje synleg frå sjø og ligg i bakkant av terrenget mot sjø. Nord for fylkesvegen stig terrenget opp mot skogsområda Bærhaugen (100moh) etc. Innanfor det urørte næringsområdet er terrenget kupert med mindre høgde i vest, dalsøkk med bekk midt i og ei høgare høgde/rygg aust i området som på det høgaste er om lag kote + 29, sjå figurar under.





Figur 8 Eksisterande terreng, høgde og snitt av område for nytt næringsareal.

Ny utbygging vil dominere i nærområdet, men frå sentrum i Ølve vil området vera mindre synleg. Det nye næringsarealet mot fylkesvegen vil medføre større terrengendringar. Prosjektet vil ha eit masseoverskot. Verknaden av nytt næringsareal vil truleg vera relativt stor med bakgrunn i at området vert endra frå kupert naturområde til planerte næringsareal med større næringshallar. Det vil verta utarbeidd illustrasjonar som grunnlag for å vurdere landskapsverknadane, og alternative løysingar for plassering av næringsareal, høgder etc. vil vera del av planarbeidet.

Konsekvensutgreiing

Ny utbygging i området vil verta godt synleg i nærområdet og frå sjø. Utbygginga vil endre landskapet og etablere bygg der det i dag er vegetasjon. I tillegg kan kystlinja verta endra og flytta noko lengre ut i sjø med fylling og kaifront.


Det skal gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering ihht. rettleiar M-1941 av korleis tiltaka vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Estetikk og utforming av bygg og teknisk infrastruktur skal skildrast. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Det skal utarbeidast synlegheitsanalysar som viser kor planområdet er synleg frå. Dette skal m.a. gjerast ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjonar frå ulike perspektiv (nær- og fjernverknader).

7.3 Friluftsliv inkl. strandsoner

Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø og mot vassdrag. Kvinnherad kommune er i statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona klassifisert som *kommuner med mindre press på areala*, sone 3. Byggeforsbodet gjeld generelt, og kommunane skal berre tillate bygging etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve.


Store deler av strandsona i planområdet er definert som utilgjengeleg pga. etablerte bygg og tiltak eller svært bratt topografi. I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel er det kartlagt funksjonell strandsoner i store deler av kommunen, og også i planområdet. I store deler av området er den funksjonelle strandsona sett med utgangspunkt i eksisterande bygg, veg eller næringsføremål i godkjent reguleringsplan frå 90-talet.

Det er ingen registrerte friluftsområde innanfor planområdet eller sjøområda like utanfor. Det er naust og småbåttrafikk inn Hyttevågen. Kvitebergsvatnet og Hytteelva er del av eit friluftsområde med viktig verdi. Friluftsområdet er knytt til vatn, elv og kantsone, og er eit rekreasjonsområde som er opplyst til å bli brukt til turgåing, sykkel, fiske, kano og kajakk, skeiser om vinteren. Brukarar av vatnet er også knytt til Røyrane busstasjon som ligg langs vatnet. Det er nokre få tiltak langs elva og Kvitebergsvatnet ved utløpet til elva.



Figur 9 Kart som viser planområdet (svart stipla strek), friluftsområde Kvitebergsvatnet (rødt areal) og område som er potensielt tilgjengeleg (grøne areal).

I regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er planområdet klassifisert som eit regionalt viktig næringsområde ved sjø (kjelde: Interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland). I retningsgivande plankart er sjøareala synt som Sjø og vassdrag generelt, utan akvakultur. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) er likestilte. Retningslinjene til regionalplanen gir m.a. føringar for kva interesser og verdiar som ein skal ta særleg omsyn til i samband med utbygging i strandsona, samt kva type tiltak som kan utviklast i strandsona.



Figur 10 Utsnitt frå Regional kystsoneplan.

Konsekvensutgreiing

Reguleringsplanen vil legge opp til tiltak og utbygging i strandsona mot sjø. Sjølve planområdet på land vert i liten grad nytta til friluftaktivitetar, medan sjøområdet vert nytta til båtutfart. Det er vurdert at friluftsliv inngår som KU-tema på grunn av nærområda har verdi for friluftsliv, samt areala sin lokalisering i strandsona.


I konsekvensutgreiinga vil ein sjå nærare på planen sin verknad for tema strandsona og friluftsliv knytt til både land og sjø, iht. rettleiar M-1941. Særleg skal forholda tilgjenge til barn og unge, friluftsliv og fritidsfiske vurderast. Verknad for verdiane i planområdet og nærområdet skal vurderast med omsyn til kjent kunnskap og synfaringar.

I tillegg til konkret arealbruk knytt til friluftsliv skal planforslaget sin verknad sett i lys av overordna føringar for strandsonaforvaltning vurderast. Dette gjeld vurderingar opp mot m.a. Statlege planretningslinjer og Regional kystsoneplan.

7.4 Nærmiljø: Lyd, lys og lukt

Forureining, inkludert støy, støv og lys er viktige problemstillingar for folkehelsa, barn og unge, samt nærmiljøet. I tillegg er dette eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vurdere planforslaget sin verknad for naturmangfald og friluftsliv. Reguleringsplanen vil legge opp til nye tiltak og utbygging i område regulert/avsett til næringsføremål i reguleringsplan og kommuneplan. Dette vil medføre anleggsarbeid, drift/ produksjon, samt aktivitet som kan endre støyforholda i området.

Planen vil legge til rette for utbygging av eit industriområde med nærliggjande bustadeigedomar og skule. Sørvest for planområdet er Ølve Montessoriskule, bu- og servicesenter og bustadfelt Storhaugen. Det er spreidde bustadar og hytter langs fylkesvegen ved planområdet. I planområdet er det ein fritidsbustad (registrert våningshus nytta til fritidsbruk) og to bustadar. Bustader og hytte i planområdet ligg tett på etablerte næringsområde i dag. I Hyttevågen er det fleire naust og hytter, samt bustadhus. Det er eit hyttefelt sør for Korshamn. Avstandar mellom ulik bruk og funksjonar er den beste måten å unngå uheldig samlokalisering av tiltak.



Figur 11 Dagens situasjon med etablerte bustadar (gul markering), hytter (oransje markering), barnehage/skule (grøn markering), bu- og servicesenter (rød markering) og brannstasjon (mørk rød markering).

Støyvarslingskart langs veg viser gul støysone kring dei nærmaste areala ved fylkesvegen. Det er ikkje gjennomført støykartlegging knytt til dagens eller tidlegare drift på området. Støykartlegging av anleggsarbeid og framtidig produksjon på området må gjennomførast som del av planarbeidet.

Konsekvensutgreiing


Planarbeidet skal utgreie støytilhøva i anleggs- og driftsfase ihht. rettleiar M-1941. Planarbeidet skal vurdere regulering av grøntføremål og/eller skjermingstiltak for å sikre støygrensar, samt legge føringar for næringsaktiviteten i høve til omgjevnadane. Det skal gjennomførast støyvurderingar som del av planarbeidet. Utgreiing og kartlegging vil verta gjennomført av fagkyndig og ihht. rettleiar M-1941.

7.5 Transport på veg

Hovudtilkomst til planområdet er via fv. 575, Ølvesvegen. Denne er registrert med ein årleg døgntrafikk (ÅDT) på totalt 500 (år 2023), og 10 % lange køyretøy. Fartsgrense forbi avkøyring til dagens næringsområde i sør er 50 km/t, og like aust for avkøyringa er fartsgrensa 80 km/t. Det er ikkje etablert fortau/GS-veg langs fylkesvegen i retning Ølve sentrum, med unntak av kortare strekk langs Ølve Montessoriskule (1.-7. klasse). I godkjent reguleringsplan er det regulert GS-veg på nordsida av fylkesvegen. Det er registrert tre trafikkulykker aust for avkøyringa til næringsområdet (år 1986, 2006 og 2022). Ny løysing for avkøyring til fylkesvegen i sør er detaljregulert, men ikkje opparbeidd i tråd med planen. Ølve brannstasjon ligg innanfor planområdet, og nyttar i dag same avkøyring til fylkesvegen som dagens næringsområde gjer.

I dag er det to avkøyringar til næringsområda. Det er ønskeleg å oppretthalde begge desse, men vurdere utbetringar for utforming og sikt. Planframlegget vil tilføre meir trafikk langs fylkesvegen, samt i kryssløysinga i sør til fylkesvegen enn dagens situasjon.

I gjeldande reguleringsplan er det regulert busslomme for nordgåande buss. Avstand til eksisterande busstopp sør for planområdet er like i overkant av 200 meter frå avkøyringa til planområdet i sør. Ein ønskjer i prosessen dialog kring behov for å regulere for busstopp langs fylkesvegen. I tilfellet det skal regulerast for kollektivtransport er det ønskjeleg å endre frå regulert busslomme til regulert kantstopp. Vidare planarbeid vil sjå på utvikling av områda, kryssløysingar til fylkesvegen, samt tiltak langs fylkesvegen som kantstopp for buss og fortau.



Figur 12 Oversikt dagens trafikksituasjon.

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Konsekvens for trafikktryggleik, barn og unge (skuleveg), mjuke trafikantar (fortau), tilgjenge og kryssløysingar, trafikkmønster, kollektivdekning, byggegrense mot veg, parkering, og konsekvensar for fylkesvegnettet, samt vegtrafikk i samband med bygg- og anleggsfase skal utgreiast. Det skal utarbeidast tekniske vegteikningar.

7.6 Ferdsl på sjø

Bilea Ølve (nr. 2193) går inn til eksisterande næringsområde. Det er eit relativt smalt sund frå Ølvesvika inn til Hyttevågen. Det er ikkje ankingsområde/opplagsområde el.l. i Hyttevågen. Nærmaste er eit strategisk viktig ankringsområde Husavågen–Olve, som ligg i utløpet av Ølvesvika. Det er etablert naust og bryggjer i Hyttevågen, og ved Korshamn i dag. Samt under arbeid ein reguleringsplan ([Detaljreguleringsplan](#) for delar av 14/1 m.fl – Småbåtanlegg Tuftemarka / Storeholsund – Ølve) sørvest for planområdet for småbåthamn/-anlegg med rom for 130 båtplassar (plan i prosess pga. motsegn). Planane her vil redusere areal til innsegling og manøvrering for industrihamna.

Ein god del av transport til/frå planområdet vil skje på sjø. Det er difor viktig med gode hamnetilhøve for manøvrering og ferdsl utanfor Ølve industribase. Kaien på gnr. 12/62 har god djupne, medan det er grunne forhold nord/aust for denne kaien. Større båtar har ikkje høve til å gå inn i indre del av Hyttevågen, og bruker sjøareala i Ølvesvika for å snu. Det er ikkje planlagt tiltak for at større båtar skal kunne gå inn i Hyttevågen.

Eksisterande kai skal sikrast, og ein skal vurdere utviding av denne. Dimensjonerande fartøy som skal nytte hamna skal avklarast, samt om det er behov for endring/oppgradering av navigasjonsinnretningar i området. Forhold til støy frå hamneverksemd skal inkluderast i støyvurdering, ref. kap. 7.4. Planarbeidet skal også avklare forhold til og behov for utfylling i sjø, samt utdjuping for å trygge sjøtrafikken inn til industrihamna.

Det er etablert naust og bryggjer i Hyttevågen, og ved Korshamn i dag. Ferdsel på sjø for småbåtar må takast i vare.


Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Konsekvens for ferdsel på sjø med omsyn til tryggleik, manøvrering, framkomst for sjøtrafikk og ferdsel for allmenta skal utgreiast. Forhold til eventuell innsnevring av farleia inn til Hyttevågen pga. justering av eksisterande kaiområde og utfylling i sjø skal vurderast.

7.7 Naturressursar

Det er jordbruksinteresser innanfor planområdet, sjå figur i kapitel 7.1. Dette er knytt til eigedom gnr. 12/10 der det er registrert ein teig med overflatedyrka jord, 8,7 dekar med grunnlendte forhold. På fylkesatlas.no er jordbruksareala klassifisert som «jordbruksareal som kan vera ute av drift» og det er informasjon om sist søknad om tilskot var i 2020. I følgje merknad til varsel om oppstart opplyser grunneigar om at «*Eiendommen er en gammel landbrukseiendom, der huset er landbrukseiendommens bolighus. Det drives ikke landbruk i dag, men arealene holdes i hevd og marken slås. Eiendommen har vært en landbrukseiendom tilbake til 1700- / 1800-tallet*». Det er ikkje registrert areal med «dyrkbare jord» innanfor planområdet (Kilden.nibio).

Andre areal i planområdet som ikkje er jordbruk eller industriområde er klassifisert som skog, der skogsressursane er klassifisert som barskog med varierende bonitet (høg til låg bonitet). Ressursen i skogbruksamanheng er noko avgrensa då areala ikkje er store og ikkje del av eit større skogsområde. Det er ikkje registrert geologiske ressursar (t.d. pukke eller grus) innanfor planområdet.



Figur 13 Planområdet (svart stipla linje) og areal klassifisert som jordbruk (overflatedyrka jord med gul farge) og skog (grønfarge som varierer ifht. bonitet).

Konsekvensutgreiing


Utgangspunktet er at den dyrka marka vil verta omdisponert til utbyggingsføremål som del av planforslaget. Med utgangspunkt i AR5-kart skal omfang og verknad av omdisponering vurderast. Omdisponeringa skal også skildrast i lys av jordvernmålet og nasjonalt mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 2000 daa og at målet skal vera nådd innan 2030. Det skal leggjast føringar for attbruk av matjorda i enten nydyrking eller jordforbetringstiltak utanfor planområdet.

7.8 Andre fagtema

7.8.1 Fiskeriinteresser

Planen vil gi grunnlag for å kunne etablere leidningar på sjøbotn, og truleg legge opp til mindre tiltak i sjø for utfylling i sjø og justering/utviding av kailinje.

Det er ikkje fiskeriinteresser i eller like utanfor planområdet. Dei næraste registrerte fiskeriinteressene er ein låssettingsplass søraust for planområdet, Korshamn. Denne er i følge Fiskeridirektoratet sin kartbase ein mindre viktig låssettingsplass, og den vert berre sporadisk teke i bruk. Lengre ut i Ølvesvika og Husavågen er det fiskeplassar for både aktive og passive reiskap.



Figur 14 Utsnitt av registrerte fiskeriinteresser. Låssettingsplass er vist med rød farge. Fiskeplassar med aktive og passive reiskap er synt med rosa skravur.

7.8.2 Kulturmiljø


Det er ingen registrerte kulturminne innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er nokre eldre bygningar langs sjøen ved Hyttevågen, men elles ingen eldre bygningar innanfor planområdet. Det er ein ikkje freda lokalitet langs Hytteelva, Gullgruve i Ølve, Bergverk-gruveanlegg (kjelde kulturminensok.no (Riksantikvaren). Denne har kulturminne id 244397-0, vernetato er oppgitt til 2018 med vernestatus «utan vern»). Spor etter m.a. gruvedrifta ligg tett langs elva mellom Kvitebergsvatnet og Hyttevågen – med hovudtyngda av minna i terrenget rundt Kvitebergsvatnet. «Slagget» har frå gammalt vore både ei viktig utskipingshamn og tidleg industristad. Kulturnemnda i Ølve bygdelag har informert om følgjande, kjelde Margaret Haugland: *Steingammal og nyare historie ifrå Hyttevågen og Hytteplassen (Slagget)* i Bygdadrøso nr. 1 2013:

- «Bakstehellene som vart henta ut av landets største bakstehellebrot i Fuglebergsåsen (aust for Kvitebergsvatnet) frå sist på 1000-talet og i fleire hundre år, vart frakta langs Hytteelva og ned til sjøen for utskiping til mellomalderbyane.
- *Kring 1540 kom saga i Klau, som staden vart kalla den gongen. Dei fire høge murane etter oppgangssaga, ei av dei første i Sunnhordland, står framleis midt i Hytteelva. Saga leverte m.a. bord og bjelkar til skotteskutene som kom hit for å lasta om somrane på 1500 og 1600-talet. Tidleg på 1600-talet var Klau*

eit år den største utskipingsplassen for skottehandel i Sunnhordland. Midt på 1700-talet vart det bygd ei ny sag litt lenger nede i elva. Også den er det spor etter ved elvebreidda.

- I 1640-åra kom det i gang gruvedrift i Ølve. I Klau vart det bygd smeltehytte for smelting av kopar frå gruvene, først i 1647, så ei ny i 1765. Denne var 40 meter lang og ti meter brei, ho låg langs elva mellom Hauglandshuset og sjøbuene. Kisen som kom med pram på Kvitebergsvatnet, vart transportert nedover til smeltehytta på fleire måtar, og siste tida på ein oppmura bane på vestsida av elva. Spor etter denne banen finst framleis under vegetasjonen.
- Avfallet frå smeltehytta, slagget, vart liggjande og gav etter kvart strandstaden nytt namn: Slagget. Store deler av Slagget kviler på slagg. I dag er slagghaugen best synleg på vestsida av elveutløpet.
- Gullgruva var i drift frå 1885-87. Ho kasta for lite av seg. Gullvaskeriet låg bak smeltehytta, oppom dagens naustområde. I øvre enden av Kvitebergsbua, bu nummer to frå elva, ligg Dybdalsstova som var bustad for ein gruvearbeidarfamilie. Stova kan vera frå 1700-talet.
- Hyttekverna, høgt oppe i elva, var ei mykje brukt bygdekvern. Arbeidet med å restaurera/byggja ein kopi av kverna stranda før huset var heilt ferdig. Kverna ventar på nokon som vil fullføra arbeidet. Dei lange vassrennene, sloka, som førde vatn til kverna, sagene, smeltehytta og gullvaskeriet er borte for lenge sidan».

Planframlegget vil ikkje medføre direkte arealbeslag av kjente registreringar. Påverknad av planforslaget vil i hovudsak vera visuelt. Forhold til vassuttak frå Kvitebergsvatnet vil verta avklart som del av søknad til NVE. Planarbeidet er ikkje avhengig av vasskonsesjonen, og difor er tema kulturminne avgrensa til visuelle verknadar og dermed ikkje eit KU-tema.



Figur 15 Utsnitt av registrerte kulturminne i kulturminnebasen og bygningar registrert i SEFRAK-registeret.

7.8.3 Grunnforhold og masseberekning

Det er ikkje gjennomført masseberekning, men planen vil medføre eit masseoverskot. Uttaket vil vera for å klargjere areala for næringsverksemd, og har ikkje eit kommersielt formål. Ein vil i størst mogleg grad søke å nytte massane internt på næringsområda for planering, opprusting og utfyllingar i sjø. Utover det vil masseoverskot vil verta frakta ut av området og nyttast til samfunnsnyttige tiltak. Forholda til massehandtering vil verta utgreidd som del av planarbeidet. Det vil verta gjennomført vurdering av områdestabilitet, ref. kap. 7.2 om ROS-analyse.

7.8.4 Teknisk infrastruktur: Vatn, avløp, sløkkevatn og overvatn

Kvinnherad kommune eig og driftar Ølve og Hatlestrand vassverk. Det vil verta planlagt for kommunalt drikkevatn. Det er ikkje kommunalt avløpsanlegg for området, men mogleik for tilkopling til anlegg nærmare Ølve sentrum. Det skal vurderast om nye tiltak kan koplast på eksisterande infrastruktur eller om det vert etablert separate private løysingar for forbruksvatn og avløp. Det vil verta planlagt for at overvatn skal handterast lokalt i terreng med utløp til sjø. Det skal lagast VAO-rammeplan i planarbeidet.

Etter gjeldande byggtknisk forskrift (TEK17) vert det stilt krav til preakseptert yting for utandørs vassforsyning, og at sløkkevasskapasiteten må vera minst 20 l/s i småhusbebyggelse og minst 50 l/s i annan bebyggelse. I tillegg stiller VA-norma i Sunnhordland krav om m.a. avstand mellom brannkummar, og plassering av brannkum/hydrant ifht. brennbar bygning. Ut i frå krava skal ein ha kapasitet på 50 l/s for sløkkevatn. Det er opplyst frå kommunen at kapasiteten er mindre enn dette i dag. Dette må undersøkast nærmare i VAO-rammeplan, der også forhold som kan medføre at brannvesenet må utvida eller tilførast nytt utstyr, kompetanse eller mannskap må omtalast.

Produksjonsvatn (inntak og utslepp) vil ikkje gå inn på kommunale anlegg. Aktivitet som krev utsleppsløype vil verta søkt om til forureiningsmynde, som del av produksjonsløype. Utslepp frå landbasert oppdrett vil måtte gå i utsleppsleidningar til ytre del av Ølvesvika. Dette er forhold som skal avklarast i konsesjonssøknad, ref. kapitel 6.1.3. Produksjonsvatn til oppdrett med ferskvatn vil avhenge av løype frå NVE, ref. kapitel 6.1.3.

7.8.5 Klimagassutslepp

Rettleiaren for konsekvensutgreiing av klima og miljø, M-1941 innleier fagtema klimagassutslepp med: «*Klimagasser er gasser som påvirker atmosfærens evne til å holde på varme, skaper en drivhuseffekt og dermed påvirker klodens klima. De viktigste utslippskildene i Norge er olje- og gassutvinning, industri, veitrafikk, annen transport og arealendringer. Vidare, at konsekvensutredning om klimagassutslipp skal vurdere og dokumentere hvilke utslipp en plan kan føre til og hvilken konsekvens dette vil ha, uansett kilde til utslippene.*»

Klimagassutslepp er knytt til både arealbruk/nedbygging av karbonrike areal, utbygging som kan gi auka transport, samt utslepp av drift/industri/materialbruk/anleggsarbeid. Planområdet omfattar i liten grad karbonrike areal, utover mindre areal knytt til skog og jordbruksareal, sjå figur i kapitel 7.1 (Ar5). Det er ikkje kartfesta myrområde innanfor planområdet.

Planarbeidet skal dokumentere klimagassutslepp frå arealbeslag etter arealtype og jordtype, samt omfang av omdisponering. Utrekningar vil verta gjennomført «beregningssmal for klimagassutslipp fra karbonrike arealer» gitt i M-1941.

7.8.6 Universell utforming

Prinsippet om universell utforming skal takast omsyn til i planlegginga og i krav til byggjetiltak. I planarbeidet skal det omtalast korleis omsynet til universell utforming er teke i vare.

7.9 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (2018). Akseptkriteria til Kvinnherad kommune skal òg nyttast.

NVE Atlas syner at området ikkje ligg innanfor flaum- eller skredfaresone, eller aktsemdsområde for flaum, steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred. Det er ingen registrerte skredhendingar, ustabile fjellparti, eller kvikkleire i området. Det går ingen store bekkar eller vassdrag i området.

Planområdet ligg under marin grense og det er såleis potensiale for kvikkleireskred. Områdestabilitet skal vurderast i ROS-analysen der reell fare for områdeskred skal vere avklart før høyring av planforslaget. Fagleg vurdering skal byggje på og vera utarbeida av fagkunnig etter NVE sin *Veileder nr. 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred*.

Deler av planområdet ligg til sjø og forhold til auka havnivå og stormflo viser at ein del av området potensielt vil verta overfløymd ved stormflo dimensjonert for 2050 og intervall 200 år. Forhold til stormflo må vurderast i planarbeidet.

Forhold til ferdsel på sjø og risiko for ulykke skal utgreiast i KU-tema Transport på sjø, samt i ROS-analysen. Forhold til utfylling i sjø, samt mogleg ny småbåthamn sørvest for planområdet vil redusere manøvreringsareal i området inn til Hyttevågen. Konsekvensutgreiinga/ ROS-analysen skal vurdere risiko for grunnstøyt, samanstøyt mellom fartøy og bygningsmasse, samt ulykker til sjøs. Analysane skal også vurdere om hamna er rusta til å tole auking av ekstremvær.

Etablert brannstasjon i Ølve er lokalisert innanfor planområdet. Forhold som kan påverke beredskap og utrykking må vurderast. Dette er forhold knytt til trafikklysing og tilkomst til fylkesvegnettet, kapasitet sløkkevatn, behov for utviding eller tilføring av nytt utstyr, kompetanse eller mannskap, samt opplysningar om oppbevaring/handtering av farleg stoff.

Det er ikkje gjennomført støykartlegging knytt til dagens eller tidlegare drift på området. Planområdet er ikkje særleg utsett for vegstøy. Støykartlegging av anleggsarbeid og framtidig produksjon på området må gjennomførast i planarbeidet.

Det er ikkje registrert forureina grunn i området.

Sentrale tema i ROS-analysen vil vera tilhøve for trafikk/trafikktryggleik (ref. KU-tema også), støy frå industri (ref. KU-tema), samlokalisering (ref. kapitel 7.4 og 7.6), auka vasstand og grunntilhøve. Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps- og ulukkesrisiko vil verta utgreia gjennom ROS-analysen. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil verta sett i samheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gangar i reguleringsplanen.

8 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

8.1 Vurdering av alternativ lokalisering

Konsekvensforskrifta med tilhøyrande rettleiing viser til at det skal gjennomførast vurdering av alternativ lokalisering. Dette skal vera relevante og realistiske alternativ. Relevante betyr alternative måtar å oppnå målet med planen eller tiltaket. I denne planen er hovudmålet med planen *å detaljregulere areal avsett i kommuneplanen sin arealdel til næringsføremål i Ølve. Areala er knytt til eksisterande verksemder, samt ønske om å regulere for sjøtilknytt næring, t.d. landbasert oppdrett eller anna maritim næring, samt tilhøyrande infrastruktur for vegtilkomst. Planen er knytt til etablert industriområde som er ønskjeleg å ekspandere og utvikle. Utgangspunktet for reguleringsplanen er ønske om å relokalisere tidlegare akvakulturproduksjon frå inst i vågen til deler av området omtala som Ølve industribase, samstundes som planen også tek høgde for andre maritime og sjøretta føremål.* Realistiske alternativ betyr at dei kan gjennomførast. I planar der det ikkje er relevante eller realistiske alternativ er det berre planen som skal konsekvensutgreiast og vurderast opp mot nullalternativet.

Å lokalisere nye eller legge til rette for utviding av næringsområde, spesielt ved sjø, som ikkje har interessekonfliktar av ein eller annan grad og har gunstige naturgitte forhold er utfordrande. I planen er det m.a. ønske om landbasert oppdrett og forhold til eksisterande akvakulturlokalitetar på land/sjø og Mattilsynet sine tilrådde minsteavstandar mellom akvakulturanlegg er også avgjerande. Mattilsynet sine tilrådde avstandskrav er i stor grad sett for å kunne redusere risiko for smitte (lakselus og sjukdom).

På 1980-talet vart det etablert mange settefiskanlegg i vikar og vågar langs kysten og desse vart ofte valt på grunnlag av tilgang til vasskjelde og god tilgang til sjøområda. Ølve Bruk er eit døme på eit slikt anlegg. Det er i dag få slike område som er tilgjengelege og framleis har tilgang på vassressursar som gir eit godt grunnlag for moderne anlegg. Det er gitt vassdragskonsesjon for Ølve bruk for uttak av ferskvatn så seint som i 2016. Bakgrunnen var ønske om å sette i gang drifta igjen på Ølve Bruk. Dette vart ikkje sett i gang og løyva til vassuttak og produksjon er trekt tilbake. Det er nyleg sendt søknad til NVE, 22.01.2025, om fornya konsesjon etter vassressurslova for uttak av vatn frå Kvitebergvatnet. Bakgrunnen for denne søknaden er målsetnad om å etablere landbasert oppdrett innanfor planområdet (Ølve industribase).

Føresetnadar for vurdering av alternative lokaliseringar utover planområdet

Det er gitte føresetnadar som vi legg til grunn for å vurdere alternativ lokalisering utanfor planområdet.

Desse er:


- Arealet er i tråd med overordna kommuneplan, dvs. arealet er avsett til næringsføremål.
- Næringsareal som gir grunnlag for ny arealbruk. Eit smoltanlegg inkl. utomhusfuksjonar krev om lag 40 daa næringsareal.
- Næringsareal som ligg til sjø. Tilgang til sjø er avgjerande for å sikre tilgang til kaifasilitet og sjøtransport, inntak av sjøvatn og nærleik til fjordsystem som vil kunne tole utslepp. Dette er naturgitte forhold som er avgjerande for maritime og sjøretta føremål som er planlagd for i denne planen
- Nærleik til og tilgang til ferskvatn for potensiell bruk i landbasert oppdrettsproduksjon.
- Avgrensing av «alternativ lokalisering» med bakgrunn i tiltakshavar si lokale tilknytning og behov for nærleik/sentralt der dei har etablerte lokalitetar på land og i sjø. Dette avgrensar søket til midtre del av Hardangerfjorden (Kvinnherad, Tysnes, Kvam).

Det finst ledige sjønære næringsområde i regionen. For ein del av desse er deler av areala teke i bruk, og dermed er det mindre tilgjengeleg areal for planframlegget sitt arealbehov. Kartlegging av ledige/dels ledige sjønære næringsareal er synt i figur under med nummerering.

- 1) Mundheim, Kvam herad. Næringsarealet er stort i dekar og ligg i eit urørt naturområde. Det er ikkje opparbeidd med infrastruktur i dag, og nye tiltak vil medføre inngrep i urørt strandsone. Avstand til

etablerte matfiskanlegg i sjø er relativt kort (mindre enn avstand tilrådd av Mattilsynet). Arealet er difor ikkje eit reelt alternativ til planområdet.

- 2) Austrepollen i Kvinnherad kommune. Næringsarealet er relativt stort i dekar og deler av areala er opparbeidde. Arealet ligg inst i Austrepollen med grunne djupneforhold og i ein terskelfjord slik at sjøtilkomst og utslepp kan vera utfordrande. Arealet er difor ikkje eit reelt alternativ til planområdet.
- 3) Årsnes i Kvinnherad kommune. Næringsarealet er relativt stort og er ferdig planert. Arealet er m.a. nytta som base til oppdrettsnæringa, og ligg tett på ferjeleie. Avstand til etablerte matfiskanlegg i sjø er relativt kort (mindre enn avstand tilrådd av Mattilsynet). Arealet er difor ikkje eit reelt alternativ til planområdet.
- 4) Børnes i Kvinnherad kommune. Næringsarealet er delvis bygd ut, men har potensielt areal på land og framtidig kai. Ledig areal er noko avgrensa og tilgang på ferskvatn er manglande. Arealet er difor ikkje eit reelt alternativ til planområdet.
- 5) Malkenes i Tysnes kommune. Næringsarealet er delvis bygd ut og nytta som base for oppdrettsnæringa. Arealet er avgrensa i storleik. Arealet er difor ikkje eit reelt alternativ til planområdet.
- 6) Nedrevåge i Tysnes kommune. Næringsarealet er eigd av tiltakshavar som har planar om og har søkt om landbasert oppdrett. Med planlagde tiltak er det ikkje rom for andre tiltak. Arealet er difor ikkje eit reelt alternativ til planområdet.
- 7) Onarheim i Tysnes kommune. Næringsarealet er eigd av tiltakshavar som har løyve til landbasert oppdrett. Med planlagde tiltak er det ikkje rom for andre tiltak. Arealet er difor ikkje eit reelt alternativ til planområdet.




Figur 16 Lilla stjerner viser ledige/dels ledige næringsareal i kommuneplan. Punkt som viser godkjente akvakulturløyve pr. februar 2025 er også synt i kartet.

I Ølve er det tre næringsareal: området ved Ølve Bruk, BN15 på sørsida av Ølvesvågen og BN74 på nordsida av Ølvesvågen. Det er ønskeleg at areala er avklart til utbyggingsføre mål i overordna plan. Området ved Ølve Bruk manglar moglegheit for ekspansjon utan at det vil medføre store inngrep med utfylling i sjø. Dette vil i så tilfellet vera i strid med overordna plan (ikkje utbyggingsføre mål). Tiltakshavar har difor vurdert BN15 og 74,

som er store ubygde område avsett til næringsføremål i gjeldande kommuneplan, som moglege alternativ. Begge områda ligg i overkant av 4,5 km frå nærmaste godkjent oppdrettsverksemd.

- BN74 gir tilgang til kai og leveranse av fisk sjøvegen, har god kopling til fylkesvegnettet, samt ligg i tilknytning til etablert industri/næring. Arealet er i dag naturområde tett på etablert industriområde.
- BN15 er eit urørt naturområde tett på eksisterande hytteområde, det er relativt lang kommunal og privat køyreveg fram til området, arealet ligg på kote ca. +20 og har ikkje direkte tilgang til kai/sjø. Potensial for uheldig samlokalisering mellom næring og fritidsbruk er høg.



Figur 17 Alternativ lokalisering. Bakgrunnskart er gjeldande kommuneplan (2018).

Konklusjon

Med bakgrunn i *relevant og realistiske alternativ* og gitte føresetnadar for vurderinga, er vurderinga av alternativ lokalisering utanfor planområdet ikkje aktuelt. Ut frå dette vil planarbeidet fokusere på området i Ølve, og ikkje resten av kommunen/regionen og heller ikkje BN15 eller Ølve Bruk sitt areal i Ølve. Dette på grunn av ønske om å regulere areal i tråd med overordna plan, utviding i samband med etablert næringsverksemd, naturgitte forhold og storleik på tilgjengeleg areal.

På bakgrunn av at ein ønskjer å regulere for sjønært areal og fordelar med eksisterande infrastruktur, har tiltakshavar peika seg ut næringsområde BN74 som det reelle planalternativet. At arealet er avsett til næring i kommuneplan og store deler er ubyggd gir dei eit godt utgangspunkt for å opparbeide arealet frå starten av og ha ein heilskapleg plan for arealbruk. Alternative utbyggingsalternativ/ -utføringar av planområdet er naturleg å gjennomføre i planleggingsfasen.

8.2 Alternativ i planframlegget

0-alternativet

Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar.

0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og ramar i gjeldande kommuneplan og reguleringsplan (Ølve, del av Ølve gnr. 12 (ME), vedteken 22.05.1978). Dagens situasjon er at det er etablert næringsverksemd knytt til områda som grenser til sjøområda i sør og nord, etablert brannstasjon og einebustad langs tilkomstveg i sør, samt at gnr. 12/167 er naturområde og at gnr. 12/10 er registrert jordbruksareal.

Rammene i gjeldande planar i området er at det urørte naturområdet på gnr. 12/167 ikkje kan realiserast utan reguleringsplan, medan det er næringsføremål for eksisterande næringsområde. Gnr. 12/10 er LNF føremål. Areal som reguleringsplanen frå 1978 omfattar er i stor grad bygd ut ihht. til plan, med unntak av areala i vågen som ligg på gnr. 12/10. Reguleringsplanen er gamal og har avgrensa ramar for vesentleg ny utbygging. Vekting av planen sine ramar utover det som er bygd i dag, vil vera avgrensa.

Planalternativet

Hovudmålsettinga for planarbeidet er å detaljregulere areal avsett i kommuneplanen sin arealdel til næringsføremål i Ølve. Areal er knytt til eksisterande verksemder, samt ønske om å regulere for sjøtilknytt næring, t.d. landbasert oppdrett eller anna maritim næring, samt tilhøyrande infrastruktur for vegtilkomst. Planen er knytt til etablert industriområde som er ønskjeleg å ekspandere og utvikle. Utgangspunktet for reguleringsplanen er ønske om å relokalisere tidlegare akvakulturproduksjon frå inst i vågen til deler av området omtala som Ølve industribase, samstundes som planen også tek høgde for andre maritime og sjøretta føremål.

Planområdet omfattar eksisterande utbygd næringsareal, samt urørt næringsareal. Ein ønskjer å regulere store deler av planområdet til sjøretta næringsføremål. Det er pt. ikkje gjennomført studie av areala som i dag er ubygde. Utstrekning av næringsføremålet, hamn, løysing for veg/fortau/kollektiv/kryssløysing til fylkesvegen er forhold som skal vurderast. Alternative utbyggingsalternativ/-utformingar av planområdet er naturleg å gjennomføre i planleggingsfasen. Det er ønskeleg at planleggingsfasen kjem fram til eitt utbyggingsalternativ som vert utgreia. Det kan likevel vera aktuelt å legge fram fleire utbyggingsalternativ. Ut frå dagens situasjon og usikkerheit ser ein det som naturleg at alternative utbyggingsalternativ/utforming av planområdet er:

- a) Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA, utan regulering av gnr. 12/10 som næringsområde
- b) Utvikling av næringsområde i tråd med reguleringsplan og KPA på høyring, med regulering av gnr. 12/10 som næringsområde

I dag er ny kommuneplan ikkje vedteke og det er usikkerheit kring realisme i omdisponering av gnr. 12/10 til næringsføremål. Dersom ny kommuneplan er vedteke før reguleringsplanforslaget skal ein leggje til grunn ny kommuneplan, og dersom den ikkje er det vil alternativa vist ovanfor verta utgreia.

8.3 Metode konsekvensutgreiing

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det nødvendig å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument. Det skal i tillegg gjennomførast utgreiing og kartlegging av landskap ved bruk av illustrasjonar og synlegheitsanalyse, kartlegging av naturmangfald på land og i sjø, modellering av vegstøy og støy frå næringsverksemd, samt vurdering av områdestabilitet.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basert seg på metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2023). Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 vil verta nytta for å vurdere planframlegget for tema naturmangfald, landskap og friluftsliv. For dei andre tema som rettleiaren ikkje omfattar, vil metodikken verta tilpassa til det enkelte fagtema.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet famnar om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon,

kvalitet, kvantitet, viktighet og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Ein vil bruke dei ulike stega og definisjonar av verdi, verknad, konsekvens og konsekvensgrad som ligg i rettleiaren M-1941.

8.4 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som en del av planskildringa. Aktuelle tema for konsekvensutgreiinga er lista i tabellen her.

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømmande)	Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget
Naturmangfald og vassmiljø (M-1941)	Naturbase Artskart/Artsdatabanken Vannportalen Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet Lokalkunnskap	Kartleggingar av naturmangfald på land og sjø skal gjennomførast av firma med fagkyndig kompetanse
Landskap (M-1941)	Kommuneplanen sin arealdel Grunnkart som syner busetnad Nasjonalt referansesystem for landskap Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011	Synlegheitsanalyse og 3D illustrasjonar for å syne utbygginga sin visuelle verknad, samt verknad for oppleving, naboar og nærområde (Nordplan)
Friluftsliv (M-1941) og strandsone	Fylkesatlas.no og SSB Kommuneplanen sin arealdel Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona Rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland Lokalkunnskap	Analyse av strandsoneverdiar og friluftslivverdiar, inkl. synlegheitsanalyse (Nordplan) Vurdering av planforslaget sett opp mot statleg planretningslinje (Nordplan)
Nærmiljø; Lyd (støy; M-1941), lys og lukt	Støyvarslingskart (Statens vegvesen) Grunnkart	Støyvurdering (fagkyndig) ihht. M-1941
Transport på veg	Kommuneplanen sin arealdel Statens vegvesen: Handbok N100 Statens vegvesen: Handbok V713	Trafikkanalyse dagens og framtidig situasjon. Berekning av framtidig ÅDT basert på planframlegget og Statens vegvesen sine handbøker (Nordplan) Arbeidsmøte med Vestland fylkeskommune og Kvinnherad kommune
Ferdsl på sjø	Kystverket Kystdatahuset Grunnkart og sjøkart	Analysar basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag. Ingen nye kartleggingar.
Naturressursar	Ar5 kart Lokalkunnskap og frå Kvinnherad kommune	Analysar basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag. Ingen nye kartleggingar.